

---

Saksnr: 2020/49137-35  
Saksbehandlar: Matti Torgersen

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		15.06.2021
Fylkesutvalet		15.06.2021
Fylkestinget		16.06.2021

**Fylkeskommunal garanti for revidert Bømlopakke etter vedtak i fylkestinget i juni 2018**

## Forslag til innstilling

Om proposisjon for revidert Bømlopakke skal vere basert på fylkestinget sitt vedtak av 2018, vert det opphavlege garantivedtaket erstatta av følgjande vedtak:

1. Under føresetnad av godkjenning av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, garanterer Vestland fylkeskommune ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa til 780 mill. 2021- kr for heile Bømlopakken, med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. Det samla garantibeløpet vert følgjeleg 858 mill. 2021-kr. Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar
2. Garantien gjeld frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Vestland fylkeskommune i byggjeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år frå oppstart på innkrevjinga i dei nye bomstasjonane. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, jf. garantiføresegna § 3. Samla garantitid vert, inkludert byggjeperioden, på inntil 17 år frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen. Garantien gjeld inntil bompengeselskapets gjeld er nedbetalt og vert redusert i takt med nedbetalinga av lån. Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar.

## Samandrag

Fylkestinget gjorde vedtak om revidert Bømlopakke i juni 2018. Samferdselsdepartementet har i brev 3. mai bedt Vestland fylkeskommune om å gjere nytt vedtak knytt til garantien. Det er i denne saka også føreslått andre endringar i garantivedtaket for å klårgjere denne.

Fylkesrådmannen gjer merksam på at det vert handsama ei anna sak parallelt med denne saka der det er lagt opp til å endre revidert Bømlopakke. Det går her fram at det vert rådd til å fremje denne opphavlege proposisjonen frå 2018 om det ikkje lukkast å få fram ein endra proposisjon.. Det er difor naudsynt å gjere vedtak knytt til fylkeskommunal garanti også for ein eventuell pakke basert på fylkestinget sitt vedtak frå 2018.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Dina Lefdal  
fylkesdirektør infrastruktur og veg

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Saka gjeld endringar i vedtak knytt til fylkeskommunal garanti for revidert Bømlopakke.

Fylkestinget i Hordaland gjorde m.a. slikt vedtak 12-13 juni 2018:

10. Under føresetnad av Kommunal- og moderniseringsdepartementets godkjenning, garanterer Hordaland fylkeskommune ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa til 867 mill. kr for heile Bømlopakken, med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. Det samla garantibeløpet vert følgjeleg 954 mill. kr. Garantien vert gitt med pant i bompengeselskapets rett til å krevje inn bompengar.
11. Garantien gjeld frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen i byggeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år frå oppstart på innkrevjinga i dei nye bomstasjonane. Innkrevjingsperioden kan i særskilte tilfelle forlengast med inntil fem år. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, jf. garantiføresegna § 3. Samla garantitid vert, inkludert byggeperioden, på inntil 25 år frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen. Garantisten sine utlegg kan dekkast gjennom ein auke av realkastane med inntil 20 % og ein forlenging av bompengerperioden med inntil 5 år. Garantien gjeld inntil bompengeselskapets gjeld er nedbetalt og vert redusert i takt med nedbetalinga av lån. Det føresetast at garantien vert sikra 1. prioritet i retten til å krevje inn bompengar.

Etter at garantivedtaket vart gjort, er det fleire forhold som har medført endringar i garantivedtaket, eller som tilseier at det er behov for å ytterlegare endringar. For å klargjere kva som er vedteke knytt til fylkeskommunal garanti, finn fylkesrådmannen det mest føremålstenleg at det vert gjort eit heilt nytt garantivedtak. Desse endringane er:

- Samferdselsdepartementet har i brev datert 3 mai bedt fylkeskommunen om å gjere nytt garantivedtak knytt til proposisjonen etter vedtak frå juni 2018. Dette skuldast at det vart gjort ei endring i retningslinene for bompengeprojekt i mai 2019 der det ikkje lenger er mogleg med 5 års forlenging og/eller 20 prosent takstauke for porteføljestyrt bompengepakkar. Dette forholdet er omtala i saksframlegget til fylkestingsak 12/2020 den 3. mars 2020 der Vestland fylkeskommune stadfesta garantien som vart vedteke av Hordaland fylkesting. Vedtaket har likevel vist seg å ikkje vere godt nok i forhold til at delsetning om «ein forlenging av bompengerperioden med inntil 5 år» ikkje vart aktivt teke ut av vedtaket.
- I fylkestinget 9-10 mars 2021 (Sak 11/2021) vart det gjort ei endring vart det gjort endring i garantivedtaket knytt til siste setning om at «Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar»: Dette etter tilråding frå Vegdirektoratet etter kvalitetssikring.
- Det viser seg at det ikkje vil vere behov for like stort låneopptak som det vart lagt opp til i 2018. Dette heng i hovudsak saman med at pakken kjem i gong seinare enn anteke i 2018, slik at ein større del av gjelda er nedbetalt. Garantibeløpet er difor foreslått justert ned.
- I vedtaket går det fram at det er Statens vegvesen som skal rekvirerer midlar til bompengeprojekt. Etter regionreforma er det Vestland fylkeskommune som har ansvar for dette. Statens vegvesen er difor bytta ut med Vestland fylkeskommune i innstillinga til vedtak.

Fylkesrådmannen viser til anna sak som blir handsama parallelt med denne saka der det er lagt opp til å endre revidert Bømlopakke. Det blir i denne saka også tilrådd at om det ikkje let seg gjere å få fram ei proposisjon med endra prosjektportefølgje og med vidareføring av dagens innkrevjing, vil fylkesrådmannen rå til at fylkestinget rår Samferdselsdepartementet om å fremje den opphavlege proposisjonen med vedtak frå 2018. Det er difor naudsynt å gjere vedtak knytt til fylkeskommunal garanti også for ein eventuell pakke basert på dette vedtaket.

I likeheit med sak om endring av revidert Bømlopakke, er det behov for å vedtak i fylkestinget i juni i år for at Samferdselsdepartementet fremjar saka før stortingsvalet. Det er difor lagt opp til at saka vert handsama i ekstramøte i hovudutvalet og i fylkesutvalet.

Vedtakskompetanse

Etter økonomireglementet pkt 7.1 er det fylkestinget som kan gjere vedtak om låneopptak.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:**

Det vert ein reduksjon i fylkeskommunal garanti.

**Klima:**

Ikkje relevant.

**Folkehelse:**

Ikkje relevant.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Ikkje relevant.

**Konklusjon**

Det vert rådd til å gjere eit nytt garantivedtaket.